

Det vert unekteleg ei oppleving utanom det vanlege for Røysterett for alle når dei skal syngja i Rotterdam.

Det vil skje i verdas største hamneby og i ei kyrkje som har ein spesiell posisjon i norsk skipsfart, den norske sjømannskyrkja.

Ho fylte 100 år i fjor og er framleis ein kjær heim heimafrå for norske sjøfolk. Meir enn 15 000 vitjar ho i året og halvparten kjem til ymse arrangement.

Allereie i 1876 etablerte ho seg i Nederland, men då i Amsterdam. På den tiden vaks imidlertid Rotterdam fram som den fremste hamnebyen i Europa og så kom ideen om å satsa på ei kyrkje der.

Konkurransen vart vunne av ingen ringere enn rådhusarkitektane Arneberg og Poulsen og dei teikna ei lita trekyrkje m ed prestebustad og nasjonalromantisk preg. Dette var det fyrste fellesprosjektet dei hadde.

Utsmykningen hadde det samme preg og den hadde Domenico Erdman ansvaret for.

I 1937 måtte kyrkja vika for den nye Maastunnelen og vart liggjande på byens høgaste naturlege punkt som er 50 meter!. Under bombinga i 1940 vart kyrkja truga men vart ikkje skada i motsetnad til sentrum som vart øydelagt.

Om kyrkja ikkje vert besøkt av så mange som før., besøker fleire båtane - faktisk meir enn 1500 i året!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen